
Studentassistentar XQCD 2022, 27-29 juli 2022

Professor Jens O. Andersen

January 12, 2022

I tidsrommet 27/7-29/7 2022 organiserer NTNU i samarbeid med UiS ein internasjonal workshop (XQCD22) innafor QCD ved ekstreme temperaturar og tettheter. Gruppa ved NTNU som driv forskning innafor dette feltet er veldig sterk og har difor fått tilslag på den 18. utgåva av dette arrangementet.

Vi treng 2 studentassistentar til å hjelpe oss i uka før og dei dagane konferansen varer. Det er forefallande arbeid med registrering av deltakarar, opplasting av foredrag, teknisk hjelp etc. Ein må vere til stades på NTNU i tidsrommet 20/7-30/7.

Du får løn for 100 timar og kan leggje dette til CVen din. NTNU er formell arbeidsgjevar. Du får og sjansen til å høyre på toppforskarar i høgenergifysikk. Du bør difor ha interesse for dette forskningsfeltet.

Søknadsfrist 1/4-2022. Meir informasjon: jensoa@ntnu.no eller ein personleg prat på E3-137 i Realfagsbygget. Sjå <https://www.ntnu.edu/physics/xqcd> for meir informasjon om konferansen.